

Eksamen

11.11.2020

BUA2001 Helsefremjande arbeid / helsefremmende arbeid

Programområde: Barne- og ungdomsarbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unnateke ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTLEIING FOR SVARET</p> <p>– Når du løyser oppgåva, må du beskrive og grunngi vala du gjer.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysingar på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte
Andre opplysningar	NB! Du skal svare på alle oppgåvene.

Eksamensoppgåve

Når du svarer på oppgåvene, må du velje kva aldersgruppe du skal jobbe med (småbarn, skolebarn eller ungdommar). Skriv tydeleg i svaret kva aldersgruppe du skriv om.

Du jobbar i ein barnehage, på ein skole eller på ein ungdomsklubb. Ein viktig del av jobben din er å gi omsorg til barna/ungdommane. Det er influensatid, og det har oppstått ei viss frykt for at eit nytt virus skal spreie seg og komme til Noreg. Du har fått ansvar for å sjå på rutinane de har for å lage trygge og sunne måltid, og å oppdatere rutinane for å førebygge smittsame sjukdommar.

Oppgåve 1

Korleis vil du sikre at måltida på arbeidsplassen din er sunne og trygge?

Oppgåve 2

Gjer greie for betydninga av god hygiene, og foreslå forskjellige tiltak som gjer at de førebygger sjukdom på arbeidsplassen din. Grunngi svaret med bakgrunn i aldersgruppa du jobbar med.

Oppgåve 3

Drøft og beskriv ulike måtar du kan gi barna/ungdommane i gruppa di omsorg på. Bruk relevant fagleg teori for å grunngi kvifor dette er viktig.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN</p> <p>– Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne valgene du gjør.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsninger på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysninger	NB! Du skal svare på alle oppgavene.

Eksamensoppgave

Når du svarer på oppgavene, må du velge hvilken aldersgruppe du skal jobbe med (småbarn, skolebarn eller ungdommer). Skriv tydelig i svaret hvilken aldersgruppe du skriver om.

Du jobber i en barnehage, på en skole eller på en ungdomsklubb. En viktig del av jobben din er å gi omsorg til barna/ungdommene. Det er influensatid, og det har oppstått en viss frykt for at et nytt virus skal spre seg og komme til Norge. Du har fått ansvar for å se på rutinene dere har for å lage trygge og sunne måltid, og å oppdatere rutinene for å forebygge smittsomme sykdommer.

Oppgave 1

Hvordan vil du sikre at måltidene på arbeidsplassen din er sunne og trygge?

Oppgave 2

Gjør rede for betydningen av god hygiene, og foreslå forskjellige tiltak som gjør at dere forebygger sykdom på arbeidsplassen din. Begrunn svaret med bakgrunn i aldersgruppen du jobber med.

Oppgave 3

Drøft og beskriv ulike måter du kan gi barna/ungdommene i gruppen din omsorg på. Bruk relevant faglig teori for å begrunne hvorfor dette er viktig.



www.vigoiks.no/eksamen